



Breheimen  
nasjonalparkstyre

# Møteinnkalling

---

**Utvalg:** Breheimen nasjonalparkstyre

**Møtested:** Teams

**Dato:** 22.11.2024

**Tidspunkt:** 08:30

---

Eventuelt forfall må meldes snarest til nasjonalparkforvalter. Vararepresentanter møter etter nærmere beskjed.

## Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 43/24	Godkjenning av innkalling og sakliste - val av to medlemmar til å skrive under protokoll saman med styreleiar		
ST 44/24	Mørkridsdalen LVO - Oppsetting av uthus/utedo - Dulsete - Elin Hauge - Johannes Hauge		2024/11833
ST 45/24	Mørkridsdalen landskapsvernområde - rekonstruksjon av løe på eksisterande tuft på Dulsete		2024/3069
ST 46/24	Breheimen nasjonalparkstyre - 2024 - Bruk av driftsmidler ved utgangen av året		2023/14306
ST 47/24	Breheimen nasjonalpark - midlar til tiltak i verneområde i 2025		2024/12763
ST 48/24	Referatsaker		
ST 49/24	Delegerte vedtak		
ST 50/24	Eventuelt		

**ST 43/24 Godkjenning av innkalling og sakliste - val av to medlemmar til å skrive under protokoll saman med styreleiar /**



Arkivsaksnummer: 2024/11833-2

Saksbehandlar: Aina-Elise Bolstad Stokkenes

Dato: 15.11.2024

Utval	Utvalssak	Møtedato
Breheimen nasjonalparkstyre	44/24	22.11.2024

## Mørkridsdalen LVO - Oppsetting av uthus/utedo -Dulsete - Elin Hauge - Johannes Hauge

### Innstilling frå forvaltar

Breheimen nasjonalparkstyre har i styremøte den 22.11.2024 gjev Elin og Johannes Hauge løyve til å byggje utedo med lager på Dulsete i Mørkridsdalen landskapsvernområde. Løyvet er gjeve med heimel i §48 i naturmangfaldslova.

Løyvet er gjeve med følgande vilkår:

- Uthuset skal plasserast slik som avmerkt på kartet i søknaden.
- Uthuset skal byggjast etter mål slik det er skissert i teikningane i søknaden, og vera inntil 10m<sup>2</sup>.
  - På taket skal det brukast torv.
  - Kledning på uthuset skal vere liggande.
  - Utedoen skal tilpassast i terrenget utan at det blir gjort terrenginngrep.
  - Det kan brukast lokal stein funne på staden/i elva til fundament på uthuset. Stein skal ikkje fjernast frå kulturminne.
  - Utedoen skal ha farge som går mest mogleg i eitt med terrenget, gjerne ein mørk og matt fargeverknad.
- Etter byggearbeidet er avslutta skal restar av materialar og utstyr transporterast ut av området.
- Løyve til oppstart av byggetiltaket gjeld i 3 år frå vedtaksdato. Det skal sendast rapport med bilde frå byggetiltaket til sekretariatet når arbeidet er slutført.

Vi gjer oppmerksom på at dette løyvet berre gjeld i forhold til verneforskrifta for Mørkridsdalen landskapsvernområde. Søkjar er sjølv ansvarleg for å innhente eit eventuelt løyve etter anna lovverk frå kommune og/eller grunneigar.

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av ein part eller andre med rettsleg klageinteresse, jf. forvaltningslova § 28. Frist for klage er tre veker frå vedtaket er motteke. Ei eventuell klage stilast til Miljødirektoratet, men sendes til Breheimen nasjonalparkstyre

## Dokument i saka

- Søknad om oppsetting av utedo/uthus datert 22 oktober 2024.

## Saksopplysningar

På Dulsete i Mørkridsdalen landskapsvernområde ligg det fleire stølshus med tilhøyrande uthus. På Dulsete er det eit steingjerde som rammar inn ei eldre slåttemark.

Våren 2024 vart nasjonalparkforvaltar gjort merksam på at uthuset til gbnr. 21/6 ikkje var søkt om i høve verneforskrifta til Breheimen nasjonalpark. Nasjonalparkforvaltar undersøkte påstanden og det har kome fram at det er usikkert om uthuset når uthuset vart sett opp. Ein finn ikkje bilete frå 2008, men ein finn bygget på flyfoto i 2010. Det er førre eigar av uthuset som har handtert det formelle rundt uthuset, og vedkommande har gått bort.

Dersom bygget har blitt satt opp før vernevedtaket så er det i bandleggingsperioda før vernevedtak. Bandleggingsperioda før vernevedtak var offentleg kjend.

Det er fleire usikkerheitsmoment knytt til saka då storleiken på bygget er under det Luster kommune har krev byggesøknad på i høve plan og bygningslova, og dåverande eigar kan ha handla i god tru.

Nasjonalparkforvaltar har rådført seg med miljødirektoratet om vidare prosess, og då blitt svara slik:

*«Denne saken er strafferettslig foreldet og det samme gjelder muligheten for å gi overtredelsesgebyr. Det har derfor ingen hensikt å forfølge saken strafferettslig.»*

*Dersom den som eier bygningen søker om må få uthuset ettergodkjent etter verneforskriftens bestemmelser, må dere vurdere søknaden som om bygningen ikke var oppført, på samme måte som andre ulovlige tiltak som søkes ettergodkjent. Eventuelle privatrettslige konflikter eller uoverensstemmelser skal vernemyndigheten ikke ta stilling til.»*

Sjølv om bygget står på staden i dag bad, nasjonalparkforvaltar eigar av uthuset søkja om løyve til nybygg som om bygget ikkje står der. Nasjonalparkforvaltar prata med eigar av uthuset den 16 oktober, og sende epost om kva som vart krevd i ein byggesøknad den 18 oktober. 22 oktober 2024 kom søknaden:

*«Me søker med dette om løyve til å sette opp eit utedo/uthus på Dulsete i Mørkridsdalen.»*

*Bygget er tenkt som eit kombibyg, med ein gammaldags utedo der det og er plass til div utstyr og ved til oppvarming.*

*Sidan 2012 har me på oppdrag frå og i samarbeid med Nasjonalparkstyret og SNO drive med slått av graset på stølsvollen. Dette for å freiste få fram att den opprinnelege slåtteeenga med sine artar og mangfold. Slåttegjerdet har oppnådd B klassifisering som beitemark.*

*Rundt slåttemarka står ein steinmur, som er merka av tida som har gått, og det er starta opp restaurering av muren, med støtte frå dykk i Nasjonalparkstyret.*

*Vidare har me no ferdigstilt eit stort restaureringsprosjekt på stølshuset vårt. Dette har vore tidkrevjande og me har lagt ned ein enorm eigeninnsats, i tillegg til god støtte frå Kulturminnefondet og Luster kommune.*

*Selet, muren og slåttegjerdet er eit landemerke i Mørkridsdalen og eit viktig kulturminne for området.*

*Bruk og behov:*

*Dulsete er ein stad me som familie har eit nært forhold til, og her finn me ein friplass, trivsel og rekreasjon, med alt frå fiske og jakt til molteplukking. Me ivrar for at dei neste generasjonane og skal ha tilknytning til Dulsete.*

*Me har den årlege slåtتهelga, med familie, vener og gjester. SNO og nasjonalparkforvaltaren i Luster har vore med fleire gonger, noko me tykkjer er kjekt.*

*4H og skulen har me fleire gonger hatt samarbeid med, viser til undervisningsopplegget «Borna og naturarven», utvikla av Skjolden oppvekstsenter, Luster kommune i samarbeid med SNO. Dette prosjektet har fått mykje merksemd innanfor skulesektoren rundt i landet.*

*4H har fleire gonger overnatta i lavvo på Dulsete, og det er borna/ungdommane som ynskjer dette. Det tyder på at Mørkridsdalen og Dulsete er ein viktig del av identiteten til borna i bygda. Bruken av Mørkridsdalen, opplegg frå skulen og 4H gjev borna våre eit eigarforhold til dalen.*

*Mørkridsdalen er eit ynda feriemål for dei lokale og tilreisande, og det er svært mykje folk i området i løpet av sommarhalvåret. Opplevelse ein får etter ein tidvis bratt og fantastisk tur framover i skog- og urterreng, og ein kjem fram på stølsvollen og heile landskapet opnar seg, er for mange stor. Og det gamle selet vert flittig fotografert.*

*SNO og Nasjonalparkstyret er alltid velkomen til å bruke Dulsete som overnattingsstad eller møteplass.*

*Med så mykje aktivitet, er behovet for ein stad å gjere sitt fornødne heilt naudsynt.*



*Det er og behov for ein stad å oppbevare div utsyr og ved til oppvarming.*

*Utsjånad:*

*Bygningen er ca 10 m<sup>2</sup> (sjå vedlegg) og den vert beisa brun og med torvtak, slik at den passar inn blant dei bygningane som allereie er der.*

*Plasseringa av bygget viser på vedlagt kart.»*

UTEDO / UTHUS DULSETE





## Lovgrunnlag

### Delegering

Miljøverndepartementet har i brev datert 1. februar 2011 delegert forvaltningsmynde for Mørkridsdalen landskapsvernområde til Breheimen nasjonalparkstyre i medhald av § 62 i naturmangfaldlova.

### Søknaden vert vurdert etter

- Forskrift for Mørkridsdalen landskapsvernområde, 7 august 2009
- Forvaltningsplan for Breheimen, 17 februar 2017
- Naturmangfaldslova, 19 juni 2009 nr. 100

### Verneformål – forskrift

Mørkridsdalen landskapsvernområde vart oppretta gjennom verneplan for Breheimen av Kongen i statsråd 7. august 2009. Breheimen nasjonalparkstyre er forvaltningsmyndigheit for verneområdet. Føremålet med Mørkridsdalen landskapsvernområde er å ta vare på eit natur- og kulturlandskap med økologisk verdi, kulturell verdi og opplevingsverdi og som er



identitetsskapande. Vidare er føremålet med landskapsvernområdet mellom anna å ta vare på stølar med stølsvollar, kulturminne og naturbeitemarker (jf. verneforskrifta § 2).

I verneforskrifta i § 3 pkt. 1.1 heiter det at området er verna mot inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sitt særpreg eller karakter. Med dei unntaka som følgjer av forskrifta pkt. 1.2 og 1.3 er det forbod mot inngrep. Som inngrep er mellom anna oppføring og ombygging av varige eller mellombelse bygningar, anlegg og innretningar nemnt.

Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til «*oppføring av bygningar, innretningar og anlegg som er naudsynte til jordbruksføremål på stølsvollar der det er bygningar frå før*» jamfør § 3, punkt 1.3.c). Uthuset kan ikkje vurderast etter desse reglane. Forvaltninga kan i særskilte høve vurderer om det er heimel til tiltak etter naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd fyrste og alternativ som seier at «*Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak frå et vernevedtak dersom det ikkje strider mot vernevedtakets formål og ikkje kan påvirke verneverdiene nevneverdig*». Det må vurderast om vilkåra for å gje dispensasjon etter naturmangfaldlova § 48 er oppfylt, og om det kan gjevast dispensasjon til tiltaket.

Etter naturmangfaldlova (nml.) § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

## Forvaltningsplan

Forvaltningsplan for Breheimen vart utarbeida i 2017.

I forvaltningsplanen står det mellom anna følgjande om bygningar generelt i verneområda i kap. 3.5:

- Det skal gjerast ei streng vurdering av søknader om byggjeløyve.
- Det er krav om løyve for ombygging og utviding av bygningar (jf. kap. 3.5.2). Ein gradvis utviding av bygningar vil kunne vere i strid med verneføremålet og verneverdiane knytt til urørd natur.
- Nasjonalparkstyret kan setje vilkår for å sikre at tiltak som det vert gjeve løyve til vert utført med omsyn til verneverdiane.
- All bygging skal tilpassast landskapet, og skje i samsvar med lokal og tradisjonell byggeskikk og eksisterande bygningsmiljø.

I forvaltningsplanen kapittel 3.5.2 Ombygging og mindre utviding (tilbygg) av bygningar står det at nasjonalparkstyre kan gje løyve til ombygging og mindre utvidingar, men at det skal førast streng praksis for dette. Alle endringar av bygningen sin karakter og synlege konstruksjonsendringar krev løyve frå nasjonalparkstyre.

Vidare seier retningslinene:

- det kan gjevast løyve til mindre tilbygg som utgjer inntil 30 % av grunnflata på eksisterande bygg, og som ikkje er større enn 10 m<sup>2</sup>.
- totalt bygningsareal på stølshus/seterhus/hytter i landskapsvernområda skal ikkje vere større enn 40 m<sup>2</sup>.

Under retningslinjer for forvaltning og bruk for nye bygningar i landbruket (jf. Kap 3.5.3) i Mørkridsdalen står det kan gjevast løyve til nye bygningar på stølsområder og det reelle behovet for bygningen vil bli vektlagt. På stølsvollar med mange sel kan det også vera aktuelt med eit felles toalett.

Det vil bli vurdert om funksjonen til den nye bygningen kan dekkast av andre hus på stølen/setra, eller om eksisterande bygningar kan endrast slik at behovet kan dekkast. Ved evt. oppføring av nye bygningar skal ein ta omsyn til struktur og storleik på dei bygningane som er på stølen/ setra. Tradisjon med omsyn til plassering i terrenget form og materialbruk er viktig å vidareføre, til dømes type panel, takutstikk, tekking og farge, jf. innleiingsvis i kap. 3.5. Terrenginngrep må minimaliserast. Nye hus bør ha eit uttrykk/utforming som viser når dei er oppført, men bør underordna seg heilskapen i miljøet.

## Presedens

I einskildsaker som gjeld tiltak skal ein vurdera verknaden av presedens ved at andre kan få dispensasjon til liknande tiltak. Presedensvurdering bør vera så konkret som mogleg, jf. Retningslinjer for vurdering av presedens i byggesaker etter naturmangfaldslova § 48, gjeve av KLD, ved brev til Miljødirektoratet 02.03.2015

## Vurdering

Å ta vare på kulturlandskapet med stølsområda er eit av føremåla med vern av Mørkridsdalen landskapsvernområde og det er positivt at eit stølsområde vert nytta. Nasjonalparkforvaltar meina at tiltaket må vurderast som eit nybygg som ikkje er knytt til landbruket, og at det skulle ha vore søkt om løyve før bygget vart oppsett.

Bygget skal behandlast som om det ikkje står der i dag, men bakgrunn for bygget vil ha noko å seie for presedensverknada av avgjersla av saka. Då ein ikkje finn noko dokumentasjon på at bygget har blitt søkt om hjå ulike forvaltningsorgan så har nasjonalparkforvatar antatt at det ikkje er søkt om, men likevel så skal ein ikkje sjå bort frå at førre eigar har handla i god tru. Nasjonalparkforvaltarar har erfart at kommunane knytt til nasjonalparken handhevar mindre bygg av liknande storleik som ikkje søknadspliktig i høve plan- og bygningslova.

Nasjonalparkforvaltar har vore i dialog med tidlegare sakshandsamarar for Breheimen hjå Statsforvaltaren i Vestland som har uttalt at han ikkje kan hugse ei slik sak i bandleggingsperioden, eller i nær tid etter vernevedtaket for Breheimen. Nasjonalparkforvaltar er av den oppfatning av at det er eit særst lite liknande saker i Breheimen, om det i det heile er nokon, og at det er lita sannsynlegheit for at tilsvarande tiltak i framtida.

Bygget er oppført i eit landskapsvernområde kor terskelen for å tillata eit nytt bygg skal vera lågare enn i nasjonalpark, i tillegg så er delar av verneformålet i Mørkridsdalen knytt til stølar og stølsvollar. Det er viktig å legge til rette for framtidig bruk av stølane, og eit bygg med funksjonar som utedo og lager for ved er å rekna som naudsynt funksjon for eit stølshus. Søkjar er den som utfører skjøtsel av slåttemarka på Dulsete på oppdrag frå nasjonalparkforvaltninga, og lagrar slåttestyret i uthuset. Både i samband med skjøtelsarbeid og fritidsbruk, vil det vera trong for ein utedo på stølen.

I nokre saker så kan ein vurdera eit tilbygg til stølshuset, men i denne samanheng så er det ikkje aktuelt då stølshuset til søkjar er av viktig kulturhistorisk verdi og akkurat ferdig restaurert med tilsagn frå kulturminnefondet.

Utedo og lager for ved vert vurdert som naudsynt for å dekkja normal funksjon for ei stølshus og tiltaket kan redusera fara for ureining av området. Små uthus knytt til hytter/stølshus kan vurderast som tiltak av mindre omfang, jamfør retningslinjer for vurdering av presedens i byggesaker eller naturmangfaldslova § 48 (KLD 02.03.15), og vil ikkje vera negativt på verneverdiane.

Ved ei vurdering av tiltaket skal ein sjå på tiltakets omfang, altså den totale bygningsmassen. Dagens stølshus har eit areal berekna til om lag 52 m<sup>2</sup>, og er rekna som det største og truleg blant dei eldste stølshusa i Mørkridsdalen landskapsvernområde. Vidare står det i forvaltningsplan under mindre tilbygg at ein kan utvide stølshus/hytter med inntil 30

% av grunnflata på eksisterande bygg, og som ikkje er større enn 10 m<sup>2</sup>. Bygget som er søkt om dekker eit areal på 9,66 m<sup>2</sup>.

Byggeskikk av uthus/utedoar er varierende både på Dulsete og i Mørkridsdalen landskapsvernområde. Bygget er eit av dei større uthusa som er søkt om i nyare tid, men det finst tilsvarande uthus på Dulsete som er bygd før vernetidspunktet.

Arealet kor uthuset skal stå på er kategorisert som semi-naturleg eng med mindre hevd preg i fylgje kartleggingsmetoden Natur i Norge. Dette vil seie ei slåttemark med preg av å vera i hevd, tidlegare har arealet vore kategorisert som beitemark av nasjonal viktig verdi (B-verdi). Det er ikkje registrert trua artar på området kor utedoen skal plasserast. Stølsområdet vert nytta til beite med sau og storfe. Eigar av stølshuset har ikkje beitedyr.

Avstanden mellom omsøkt uthus og stølshus er lita, og plasseringa er vurdert som god plassering som i liten grad påverkar landskapet og vil ikkje føra til ureining av vassdrag. Kunnskapsgrunnlaget jamfør naturmangfaldslova §8 er vurdert som godt for å vurdere saka, og føre-var prinsippet jamfør § 9 vert difor ikkje vektlagt i saka.

Ein kan ikkje sjå at ein utedo vil vera i strid med formålet for vernet. Det er heller ikkje mange stølshus utan ordna toalettforhald, så det er lite sannsynleg at det vert skapt uheldig presedens ved risiko for mange tilsvarande søknadar, slik at samla påverknad vert for stor (jamfør naturmangfaldslova §10). Det er vurdert at tiltaket med utedo ikkje vil føra til auka belastning på naturverdiane eller verneverdiane i området. Søkjar er ansvarleg for tiltaket, og må ta kostnadane med å fjerna utedoen dersom den føre til skade på verneverdiane jamfør naturmangfaldslova § 11.

Søkjar er den som utfører skjøtsel av slåttemarka på Dulsete på oppdrag frå nasjonalparkforvaltninga, og lagrar slåttestyret i uthuset. Både i samband med skjøtelsarbeid og fritidsbruk, vil det vera trong for ein utedo på stølen.

### **Konklusjon**

Etter ei samla vurdering etter naturmangfaldslova §§ 8-12, meina forvaltar tiltaket ikkje vil påverka verneverdiane nemneverdig, og det vil ikkje vera i strid med verneformålet. Bygget skal behandlast som om det er eit nytt bygg, og ut i frå dette kan ein vurdere presedensverknaden til å vera av større karakter på grunn av storleiken på uthuset. Tek ein derimot med at tiltaket har stått i om lag 15 år utan at nokon frå nasjonalparkforvaltninga har undersøkt saka, og førre eigar kan ha handla i god tru, så vert presedensverknaden mindre då det truleg er svært få liknande saker i verneområda til Breheimen. Nasjonalparkforvaltar er av den oppfatning at vilkåra i § 48 i naturmangfaldslova er oppfylte.



Arkivsaksnummer: 2024/3069-3

Saksbehandlar: Aina-Elise Bolstad Stokkenes

Dato: 15.11.2024

Utval	Utvalssak	Møtedato
Breheimen nasjonalparkstyre	45/24	22.11.2024

## Mørkridsdalen landskapsvernområde - Rekonstruksjon av løe på eksisterande tuft på Dulsete

### Innstilling frå forvaltar

Breheimen nasjonalparkstyre har i styremøte 22 november 2024 vedtatt å gje Johannes og Elin Hauge løyve til å bygge opp att ein rekonstruksjon av uteløa på Dulsete, gbnr 26/1. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta til Mørkridsdalen landskapsvernområde og naturmangfaldslova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ:

Løyvet gjeld med fylgjande vilkår:

- Uteløa skal byggast som teikningane viser. Bygget vert ein rekonstruksjon av den gamle løa. Det skal nyttast same type bygningsmateriale og same byggemetode som den gamle uteløa. Løa skal setjast opp att etter tradisjonell byggemetode i dette området.
- Utvendige mål på grunnflata til uteløa skal vera: Laftekassen: ca. 5,5 x 4,5 meter, stenderverksdelen : 3,58 x 3,5 m.
- Grunnmurane i uteløa skal restaurerast, og opprinnleg stein skal nyttast opp att så langt det er mogleg. Det skal nyttast stein av ulik storleik, og ein skal unngå bearbeiding av stein. Ved evt. bearbeiding av stein så skal dette ikkje vera synleg i det ytre miljø.
- Kledning nytta i den delen av uteløa som er stenderbygg skal vera ufalsa og gå kant i kant, gjerne av ulik breidde.
- Det skal vera torvtak på heile laftekassen, medan på stenderverksdelen skal det vera blankt bylgjebekk, gjerne av eldre årgang.
- Løa skal nyttast som ei uteløe, og bruksendring skal ikkje førekoma utan søknad.
- Lagring av materialer på slåttemarka skal minimerast til det strengt naudsynte under oppføring av bygningen.
- Dersom arbeidet ikkje har starta opp innan tre år frå vedtaksdato, må det søkjast om nytt løyve til tiltaket.
- Det skal sendast rapport med bilde frå ferdig bygg.

Tiltakshavar har plikt til å vise varsemnd og til straks å melde frå til Vestland fylkeskommune ved kulturavdelinga dersom det under arbeid vert støytt på automatisk freda kulturminne jf. lov om kulturminne § 8, 2. ledd.

Vi gjer oppmerksom på at dette løyvet berre gjeld i forhold til verneforskrifta for Mørkridsdalen landskapsvernområde. Søkjar er sjølv ansvarleg for å innhente eit eventuelt løyve etter anna lovverk frå kommune og/eller grunneigar.

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av ein part eller andre med rettsleg klageinteresse, jf. forvaltningslova § 28. Frist for klage er tre veker frå vedtaket er motteke. Ei eventuell klage stilast til Miljødirektoratet, men sendes til Breheimen nasjonalparkstyre

## Innstilling frå forvaltar

Breheimen nasjonalparkstyre har i styremøte 22 november 2024 vedtatt å gje Johannes og Elin Hauge avslag til å bygge ein rekonstruksjon av uteløa på Dulsete, gbnr 26/1. Avslaget er gjeve med bakgrunn i verneforskrifta til Mørkridsdalen landskapsvernområde og naturmangfaldslova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ.

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av ein part eller andre med rettsleg klageinteresse, jf. forvaltningslova § 28. Frist for klage er tre veker frå vedtaket er motteke. Ei eventuell klage stilast til Miljødirektoratet, men sendes til Breheimen nasjonalparkstyre

--- slutt på innstilling ---

## Dokument i saka

Vedlegg:

- 1 Kulturminnefagleg vurdering- oppsetting av løe på eksisterande tuft på Dulsete i Mørkridsdalen landskapsvernområde - Luster kommune.pdf

## Saksopplysningar

Saka vert vurdert etter:

- Forskrift om vern av Mørkridsdalen landskapsvernområde 2009
- Naturmangfaldlova av 19.06.2009
- Forvaltningsplan for Breheimen 2017

Søkjar skriv:


*«Det vil kunna bli behov for plass til lagring av meir utstyr viss ein skal auka på med diverse arbeid i dalen, me har no slåmaskin og rive i vårt uthus som tek mykje av plassen der. Me har planar om og nytta selet vårt meir no når me driv og restaurerer og etterpå. Det er litt tungvint med fullt uthus med slåttestyr osv. Forslag vårt er att ein sette opp kopi av løa vår som var inn på stølsvollen. Den kan nyttast til lagring av utstyr i den minste delen. Den andre kan nyttast til eit besøkssenter, kunnskapsformidling og museum osv. Ein plass folk kan gå inn og få ein unik opplevelse. Informasjon om Verneområde. Bilder frå heile Mørkridsdalen, Før og No. Utstilling av redskap nytta på stølane og utmarka. Kan nyttast av Skule og Sno, eg var med min ungar når Skulen hadde prosjekt Skulen og Naturarven og det var veldig bra, alle var veldig engasjerte og stolte over naturen sin. Det gjorde dei nysgjerrige på naturen rundt seg. Og her i dalen er det mykje som kan trekkast fram og informerast om på eit slikt lite besøkssenter.»*

Johannes og Elin Hauge er grunneigarar på gnr. 21, bnr 1 i Luster kommune og søker om løyve til å byggje opp att løa på Dulsete. Johannes Hauge har utarbeida skisse/konstruksjonsteikning av løa, og ynskjer å setje opp ein rekonstruksjon av løa. Hauge har laga teikningar på ny løe basert på den bygningen som stod tidlegare. Det som er att av løa i dag er grunnmuren, alt av trevirke som låg att er fjerna på eit tidlegare tidspunkt.


Den opprinnlege løa ramla ned på 1980-tallet, men er synleg på eldre bilete over Dulsete (figur 1). Laftestokkane tilhøyrande løa er nå borte, men er synleg på bilete fram til omlag 2012. Tufta er registrert i SEFRAK-registeret som ein ruin etter løe.



Figur 1 Eldre bilete over Dulsete sett frå Knivabakkli.




Figur 2 Løa vert sett opp på eksisterande tuft, merka med blått, utsnitt henta frå fylkesatlas.



HAUGSLØA på DULSETE

Figur 3 Teikningar av ny Haugsløa på Dulsete.



Figur 4 Teikningar av ny "Haugsløa"

Eigar av tufta har markert denne ved å setje ned gjerdestolpar. Tufta er rydda for gammalt bylgjeblekk og eldre netting som var samla nå i haust, derav er jord synleg.



Figur 6 Løetufta sett frå vest.



Figur 5 Løetufta sett frå nord-vest

## Heimelsgrunnlag

### Verneformål – forskrift

Mørkridsdalen landskapsvernområde vart oppretta gjennom verneplan for Breheimen av Kongen i statsråd 7. august 2009. Breheimen nasjonalparkstyre er forvaltingsmyndigheit for verneområdet. Føremålet med Mørkridsdalen landskapsvernområde er å ta vare på eit natur og kulturlandskap med økologisk verdi, kulturell verdi og opplevingsverdi og som er identitetsskapande. Vidare er føremålet med landskapsvernområdet mellom anna å ta vare på stølar med stølsvollar, kulturminne og naturbeitemarkar (jf. verneforskrifta § 2).

I verneforskrifta i § 3 pkt. 1.1 heiter det at området er verna mot inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sitt særpreg eller karakter. Med dei unntaka som følgjer av forskrifta pkt. 1.2 og 1.3 er det forbod mot inngrep. Som inngrep er mellom anna oppføring og ombygging av varige eller mellombelse bygningar, anlegg og innretningar nemnt.

Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til «*riving av gamle bygningar, anlegg og innretningar og oppføring av nye med same storleik og for same bruk*» jf. Verneforskrifta § 3 punkt 1.3.



Miljødirektoratet har kome med rettleiing kor ein viser til at anvendelsen av denne unntaksbestemmelsen skal i hovedsak dekke behovet som oppstår i forbindelse med landbruksdrift på stølen. Dersom Breheimen nasjonalparkstyre anser at behovet eller formålet uteløa skal dekke oppstår i forbindelse med skjøtselstiltak som vert utøvd kan ein vurderer å nytte naturmangfaldslova § 48 fyrste ledd, fyrste alternativ.

## Forvaltningsplan

I forvaltningsplan 2.3.5 er det beskriver fylgjande retningslinjer for kulturminner:

*Ved søknad om istandsetting, vedlikehald og skjøtsel av kulturminne vil det ved vurdering i høve verneforskrifta bli lagt avgjerande vekt på vurderinga frå regional kulturminnemyndigheit om, og eventuelt korleis eit tiltak skal gjerast, så lenge det ikkje er i strid med verneføremålet.*

..

*Ved mange høve vil det beste vere å la kulturminne liggje i fred, for så etter kvart å få eit beskyttande lag med vegetasjon og jord over seg. Andre gonger kan vedlikehald eller restaurering vere det beste.*

*Ved vedlikehald/istandsetjing/skjøtsel av bygningar med kulturhistorisk verdi og andre kulturminne skal det nyttast opphavlege materiale og handverksteknikkar.*

*Restaurering, dvs. tilbakeføring til opphavleg, dokumentert utføring av eksisterande bygg og anlegg, bør tillatast om ikkje sterke omsyn til verneverdiane eller kulturfaglege omsyn seier noko anna. Nasjonalparkstyret ser positivt på rekonstruksjonar som tek sikte på å tilbakeføre seteranlegg til komplett tilstand.*

*Stølsmiljøa i landskapsvernområda femner om kulturminne som utgjer vesentlege delar av landskapet sin eigenart. Dette inkluderer t.d. støls-/setergrendene, slåtteenger, slåttemyrar, lauvingstre, utløer, seterbuer/sel, fjøs, løer, tufter, støls-/setervoll og ulike typar gjerde og kveer. I tillegg kjem gamle husmannsplassar, samt stiar og vegfar, støls-/setervegar, skogsvegar, kløvstiar og driftevegar, og klopper og bruer som har gjort bruken av desse områda mogleg*

...»

I forvaltningsplanen står det mellom anna følgjande om bygningar generelt i verneområda i kap. 3.5:

- Det skal gjerast ei streng vurdering av søknader om byggjeløyve.
- Det er krav om løyve for ombygging og utviding av bygningar (jf. kap. 3.5.2). Ein gradvis utviding av bygningar vil kunne vere i strid med verneføremålet og verneverdiane knytt til urørd natur.
- Nasjonalparkstyret kan setje vilkår for å sikre at tiltak som det vert gjeve løyve til vert utført med omsyn til verneverdiane.
- All bygging skal tilpassast landskapet, og skje i samsvar med lokal og tradisjonell byggeskikk og eksisterande bygningsmiljø.

I forvaltningsplanen kapittel 3.5.2 Ombygging og mindre utviding (tilbygg) av bygningar står det at nasjonalparkstyre kan gje løyve til ombygging og mindre utvidingar, men at det skal førast streng praksis for dette. Alle endringar av bygningen sin karakter og synlege konstruksjonsendringar krev løyve frå nasjonalparkstyre.

Vidare seier retningslinene:

- det kan gjevast løyve til mindre tilbygg som utgjer inntil 30 % av grunnflata på eksisterande bygg, og som ikkje er større enn 10 m<sup>2</sup>.
- totalt bygningsareal på stølshus/seterhus/hytter i landskapsvernområda skal ikkje vere større enn 40 m<sup>2</sup>.

Under retningslinjer for forvaltning og bruk for nye bygningar i landbruket (jf. Kap 3.5.3) i Mørkridsdalen står det at det kan gjevast løyve til nye bygningar på stølsområder og det reelle behovet for bygningen vil bli vektlagt.

Ved evt. oppføring av nye bygningar skal ein ta omsyn til struktur og storleik på dei bygningane som er på stølen/ setra. Tradisjon med omsyn til plassering i terrenget form og materialbruk er viktig å vidareføre, til dømes type panel, takutstikk, tekking og farge. Terrenngrep må minimaliserast. Nye hus bør ha eit uttrykk/utforming som viser når dei er oppført, men bør underordna seg heilskapen i miljøet.

### **Naturmangfaldlova**

Etter naturmangfaldlova (nml) § 7 skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurderte og vektlagt i saka.

I denne saka er § 48 fyrste ledd, fyrste alternativ relevant, og ved utøvinga av offentleg mynde ved bruk av denne unntaksparagrafen så skal nasjonalparkstyret vurdere om eit tiltak strid mot vernevedtakets formål og ikkje kan påverka verneverdiane nemneverdig. Begge vilkår må vera oppfylt før ein kan vurdere om ein kan gje dispensasjon.

Dispensasjonsregelen i § 48 kan ikkje brukast for å utvide rammene for vernevedtaket, men skal fange opp uføresette eller spesielle tilfelle som ikkje var vurdert på vernetidspunktet.

### **Presedens**

I einskildsaker som gjeld tiltak skal ein vurdere verknaden av presedens ved at andre kan få dispensasjon til liknande tiltak. Presedensvurdering bør vera så konkret som mogleg, jf. Retningslinjer for vurdering av presedens i byggesaker etter naturmangfaldslova § 48, gjeve av KLD, ved brev til Miljødirektoratet 02.03.2015.

Det er ikkje gjeve dispensasjon til rekonstruksjon av bygningar i verneområda til Breheimen nasjonalparkstyre tidlegare.

### **Vurdering**

Føremålet med Mørkridsdalen landskapsvernområde er å ta vare på natur- og kulturlandskap med økologisk verdi, kulturell verdi og opplevingsverdi og som er identitetsskapande. Stølar med stølsvollar, kulturminne og naturbeitemarker er ein viktig del av verneføremåla i Mørkridsdalen landskapsvernområde, noko som også er framheva i kongeleg resolusjon og forvaltningsplan.

I verneforskrifta har det blitt tatt høgde for restaurering og vedlikehald av bygningar, og oppsetjing av nye bygningar knytt til landbruksformål. Det er ikkje tatt høgde for oppsetjing av rekonstruksjonar med anna formål. Breheimen nasjonalparkstyre har moglegheit til å vurdere å nytta §48 fyrste ledd, fyrste alternativ i naturmangfaldslova til dette. I den vurderinga skal nasjonalparkstyret legge vekt på om tiltaket ikkje strid mot verneformålet og om det ikkje kan påverka verneverdiane negativt. Uavhengig av utfallet, har saken presedensverknad. Landskapsvern er den mildaste verneforma og den kategorien som i størst grad tillèt inngrep av ulik art, også med tanke på graden av ny eller endra bygningsmasse. Det er derfor viktig å vurdere presedens særskilt godt då dette kan ha verknad for fleire områder.

I forvaltningsplan for Breheimen nasjonalpark har Nasjonalparkstyret skrive at ein ser positivt på rekonstruksjonar som tek sikte på å tilbakeføre seteranlegg til komplett tilstand, og at det

skal leggast avgjerande vekt på vurderinga frå regional kulturminnemyndigheit om, og eventuelt korleis eit tiltak skal gjerast, så lenge det ikkje er i strid med verneføremålet.

Vestland fylkeskommune sin seksjon for kulturarv har kome med denne uttalen:

*«Dulsete er eit kulturmiljø med stor kunnskaps og opplevingsverdi knytt til tidelegare tiders bruk av utmarksressursane i Mørkridsdalen. Bygningar og kulturlandskapet med bevarte kulturlandskapselement utgjer ei samanheng som det er god grunn til å verne om.*

*På stølane var plassering av stølshusa, utforming, konstruksjon, materialbruk og detaljering nært knytt til byggets funksjon og til dei naturgitte forholda på staden. Bygningane har slik stor dokumentasjonsverdi i forhold til byggemåte og driftsformer. Vedlikehald og istandsetjing av stølshusa og kulturlandskapselement er slik viktig i forvaltning av kulturminneverdiane knytt til stølane. I særlege tilfelle kan òg gjenreising av bygg styrke kulturminneverdiane på staden.*

*Det har vore igangsett fleire tiltak knytt til kulturmiljøet på Dulsete sidan Mørkridsdalen vart verna som landskapsvernområde i 2009. Søknaden må såleis sjåast i samanheng med desse tiltaka.*

*Fylkeskommunen vurderer at tiltaket vil ha positiv verknad på kulturmiljøet. Byggets funksjon er knytt til skjøtsel av kulturlandskapet og teikningar for løa synar at utforming, konstruksjon, materialbruk og detaljering har teke utgangspunkt i bygget som eingong sto her. Teikningar av den nye løa er tufta på eldre foto og kan vurderast å vere ein rekonstruksjon.»*

Å setje opp ein rekonstruksjon av ei løe, på Dulsete, kan bidra positivt til kulturmiljøet. Teikningar for løa synar at utforming, konstruksjon, materialbruk og detaljnivå som har teke utgangspunkt i bygget som ein gong stod her, samtidig så er det viktig at ein har ei bevist haldning i høve at det er ein rekonstruksjon, og at det vert kunn murane til løa som vert restaurerte i den grad det er mogleg. Stølsmiljø som på Dulsete famnar om kulturminne som utgjer vesentlege delar av landskapet sin eigenart, og nasjonalparkstyret kan sjå rekonstruksjon av løa som tilbakeføring av seteranlegg til ei meir komplett tilstand.

Eit anna moment er at oppføring av nye bygningar er eit døme på tiltak av stort omfang, samtidig har ein gjennom forvaltningsplan vist til, at i saker knytt til mindre ombyggingar og utvidingar, at ein bør sjå på den totale bygningsmassa (både tal einigar og m<sup>2</sup>). Søkjarens stølshus har eit areal berekna til om lag 52 m<sup>2</sup>, og er rekna som det største og truleg blant dei eldste stølshusa i Mørkridsdalen landskapsvernområde. Vidare står det i forvaltningsplan under mindre tilbygg at ein kan utvide stølshus/hytter med inntil 30 % av grunnflata på eksisterande bygg, og som ikkje er større enn 10 m<sup>2</sup>. Uthuset som er søkt om i sak nr 2024/11833 dekkar eit areal på 9,66 m<sup>2</sup>. Søkjar har dermed kome opp i det nivået som retningslinene for ombygging og mindre utviding anbefala.

I 2016 vart arealet som løa står på kartlagt gjennom kartleggingsmetode DN-13 som slåttemark (intermediær eng med klårt hevdpreg), og verdisett til å vera B-verdi fordi den var intakt, og i god hevd. I 2022 vart det gjennomført ein ny naturtype registrering (NiN) av området og denne støttar oppunder skjøtelsesplanen for Mørkridsdalen og beskriv området med lik naturtype; intermediær eng med klårt hevdpreg.

Det er ikkje funn av raudlista artar på tomta til løa, men i tilknytning til slåttemarka (innanfor steinmuren) er det registrert observasjonar av fleire ulike slåttebetinga planteartar. Det er registrert raudlista fugleartar som makrellterne (EN), Lappspurv (EN), Rødstilt (NT), Heilo (NT), Heiplerke (LC) og Fjellerke (LC). Det er ikkje registret raudlista rovfuglar knytt til dette arealet. Det er ingen av fugleartane som er direkte knytt til slåttemark som naturtype, nokre er meir knytt våtmark – og fjellområder. Heilo kan under trekk på våren trekke mot landbruksareal på søk etter næring.

Påverknad på plante-, fugl- og dyresamfunnet på staden vil vera avgrensa i tid og rom. I byggeperioden vil ein måtte forvente noko forstyring både med tanke på motorisert ferdsel

for fugle- og dyreartar og dellagring av materialar for planteartar på slåttemarka. For å ta omsyn til dette så kan ein setje vilkår.

Gjennom databasar som naturbase, og artskart, samt skjøtselsplan for Mørkridsdalen landskapsvernområde er naturverdiane godt kartlagde jf. § 8 i naturmangfaldslova og førevar-prinsippet jf. nml. § 9 er difor ikkje tillagt vekt. Samla vurderer forvaltar at tiltaket ikkje vil gje auka belastning på økosystemet, jf. nml. §10. Lagring av materialar til bygging vil kunne føre til ei kortvarig forringing av slåttemarka, men det er ikkje venta at tiltaket vil føre til skade på naturverdiane, og nml. § 11 er difor ikkje vurdert i denne saka. Forvaltar tiltaket til å vera godt tilpassa miljøet jf. nml § 12.

Med bakgrunn i uttalen frå Vestland fylkeskommune kan ikkje forvaltar sjå at oppsetjing av ei rekonstruert løe i eit stølsområde i hevd er i strid med verneformålet eller har nemneverdig negativ påverknad på verneformålet. Kunnskapsgrunnlaget for området er av god kvalitet, og ut frå verneverdiane på staden så kan ikkje forvaltar sjå at natur- og kulturverdiane vert forringa ved gjennomføring av tiltaket slik det er skissert. Forvaltar vurderer at tiltaket ikkje er i strid med vernevedtakets formål, og tiltaket påverkar ikkje verneverdiane negativt.

I denne samanheng så er det presedensskapade ved å vurderer å opne opp for rekonstruksjonar av løe, men det må sjåast i samanheng med fleire tiltak for å fremja kulturmiljøet på Dulsete over ei årrekke. Lagring av slåtteutstyr i løer i utmarka har truleg vore gjennomført i all tid, men då av anna type enn i dag. Behovet knytt til lagring av noko skjøtselsutstyr gjev ikkje eit godt nok grunnlag for oppsetjing av eit slikt bygg. Sidan bygget er ein rekonstruksjon av løa som opprinneleg stod der så er det likevel ikkje tenleg å be søkjar om å redusere byggets storleik, og byggets utsjånad, då dette fortel ei historie om utviklinga av landbrukets utnytting av stølsområda. Nasjonalparkstyret må derfor vurderer om den positive tilførsel av ei rekonstruksjon av løe på eit stølsområde er av så stor verdi at behovet for bygget kan vera mindre.

Det er ikkje mange tilsvarande områder i dag i verneområda i Breheimen, men med auka fokus både på restaurering av natur og stølar så kan denne saka få verknad for fleire områder på sikt. Det har ikkje blitt behandla noko sak om oppsetting av rekonstruksjon tidlegare i verneområda i Breheimen, og nasjonalparkstyret har nå moglegheit til å gjera eigne vurderingar på dette emnet.

### **Konklusjon**

Vilkåra for å gje løyve etter §48 er at tiltaket ikkje strider mot vernevedtakets formål og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig. Det som talar for ei tillating at tiltaket er vurdert til å støtte opp under formålet med vernet, tiltaket er rekna som ein rekonstruksjon, og ein vil oppnå eit komplett stølsanlegg, men på den andre sida er behovet for bygget er mindre, og med auka fokus på naturrestaurering så kan nasjonalparkstyret få liknande saker i framtida. Nasjonalparkforvaltar har derfor føreslått to ulike innstillingar til nasjonalparkstyret i denne saka.

STATSFORVALTAREN I VESTLAND  
Njøsavegen 2  
6863 LEIKANGER

---

Dato	20.02.2024
Vår referanse	2023/82642-2
Dykkar referanse	Breheimen nasjonalpark
Sakshandsamar	Inga Petronella Lindstrøm
E-post	Inga.Lindstrom@vlfk.no
Telefon	

Att.nasjonalparkforvaltar Stokkenes, Aina-Elise  
Bolstad

## Kulturminnefagleg vurdering- oppsetting av løe på eksisterande tuft på Dulsete i Mørkridsdalen landskapsvernområde - Luster kommune

Vi viser til brev datert 03.11.23 om ovanfor nemnde sak.  
Seksjon for kulturarv ved Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regionalt kulturminnemynde.

### Kva saka gjeld

Saka gjeld søknad om oppsetting av ny løe på eksisterande tuft på Dulsete i Mørkridsdalen på gnr. 26 bnr.1 i Luster kommune.

I utgreiinga frå nasjonalparkforvaltaren står det:

«Dulsete er vårstølen til bruka på Hauge knytt til gbnr 26, samt Moen 24/1 som var eit husmannsbruk under Hauge ein gong i tida. Dulsete har vore godt nytta som støl, men stølsdrifta vart lagt ned i 1969. Etter Mørkridsdalen vart verna som landskapsvernområde i 2009, har verneområdeforvaltninga tatt oppatt slåttan innanfor steingjerdet, og verdsettinga i høve naturkartlegging har vist at slåttemarka har auka verdien frå ein C-lokalt viktig lokalitet til ein A nasjonalt viktig lokalitet. I tillegg så ynskjer forvaltninga å utvide slåtteområdet til å omfatte, og byrja på restaurering av slåttemyra (B-verdi pr i dag) på austsida av steingarden og stølsområdet i 2024. Gbnr 26/1 har i år restaurert selet sitt med stønad frå kulturminnefondet. Løa midt på bilete under ramla ned på 1980-tallet. Løa viser på det gamle bilete over Dulsete (figur 1). Laftestokkane tilhøyrande løa er nå borte, men er synleg på bilete fram til omlag 2012. Eigar av 26/1 ynskjer å setje opp ei ny løe på eksisterande tuft. Teikningar som eigar har lagt fram er med utgangspunkt i den gamle løa på staden. Tufta er registrert i Sefrak-registeret som ein ruin etter løe.»




Dulsete Kjelde: Askeladden kulturminnedatabase




Figur 1 Eldre bilete over Dulsete sett frå Knivabakkli.

Eldre foto frå Dulsete lagt ved utgreiinga




Figur 3 Teikningar av ny Haugsløa på Dulsete.



Figur 4 Teikningar av ny "Haugsløa"

Teikningar av løa som det søkjast om å få gjenreise



I SEFRAK- registeret er løa i 1992 registeret som *Ruin etter løe* (SEFRAKnr.14260101037).

### Vurdering

Dulsete er eit kulturmiljø med stor kunnskaps og opplevingsverdi knytt til tidelegare tiders bruk av utmarksressursane i Mørkridsdalen. Bygningar og kulturlandskapet med bevarte kulturlandskapselement utgjør ei samanheng som det er god grunn til å verne om.

På stølane var plassering av stølsbusa, utforming, konstruksjon, materialbruk og detaljering nært knytt til byggets funksjon og til dei naturgitte forholda på staden. Bygningane har slik stor dokumentasjonsverdi i forhold til byggemåte og driftsformer. Vedlikehald og istandsetjing av stølsbusa og kulturlandskapselement er slik viktig i forvaltning av kulturminneverdiane knytt til stølane. I særlege tilfelle kan òg gjenreising av bygg styrke kulturminneverdiane på staden.

Det har vore igangsett fleire tiltak knytt til kulturmiljøet på Dulsete sidan Mørkridsdalen vart verna som landskapsvernområde i 2009. Søknaden må såleis sjåast i samanheng med desse tiltaka.

Fylkeskommunen vurderer at tiltaket vil ha positiv verknad på kulturmiljøet. Byggets funksjon er knytt til skjøtsel av kulturlandskapet og teikningar for løa synar at utforming, konstruksjon, materialbruk og detaljering har teke utgangspunkt i bygget som eingong sto her. Teikningar av den nye løa er tufta på eldre foto og kan vurderast å vere ein rekonstruksjon.

Med helsing

**Karoline Hareide Breivik**

leiar  
KFO - Arealplan

**Inga Petronella Lindstrøm**

seniorrådgjevar  
KFO - Arealplan

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*



Arkivsaksnummer: 2023/14306-73

Saksbehandlar: Stein Magne Grevrusten

Dato: 14.11.2024

Utval	Utvalssak	Møtedato
Breheimen nasjonalparkstyre	46/24	22.11.2024

## Breheimen nasjonalparkstyre - 2024 - Bruk av restmidlar frå grunnstøtte ved utgangen av året.

### Innstilling frå forvaltar

Breheimen nasjonalparkstyre meiner at Norsk Fjellsenter i Lom har kome opp med eit utruleg godt prosjekt som kan nå mange folk på ein ny måte, der miljø og villreinen sine utfordringar er hovudfokus. I styremøte den 22.11.2024 har Breheimen nasjonalparkstyre derfor vedteke å støtte Norsk Fjellsenter i Lom med midlar til prosjektet «Villrein i VR». Restmidlane av styret sin grunnstøtte som ikkje er brukt pr. 15.12.2024 vil bli utbetalt til prosjektet etter motteke faktura frå Fjellsenteret.

--- slutt på innstilling ---

### Saksopplysningar

Norsk Fjellsenter i Lom arbeider med eit formidlingsprosjekt om villrein. Norsk fjellsenter ønskjer å auke forståinga for villreinen sin situasjon i Noreg, spesielt no som arten står på raudlista over trua dyreartar. I staden for å oppmode folk til å oppsøkje villreinen, planlegg fjellsenteret å lage ein VR-film som gjev ei realistisk oppleving av dyret sitt liv i fjellet utan å forstyrre det. I VR-filmen vil fjellsenteret bruke tamrein frå Vågå når dei skal filme tett på dyret, slik at ein ikkje treng forstyrre villreinen. Filmen skal fremje folk si forståing og kunnskap om villreinen sin bruk av fjellområda, og i tillegg skildre villreinen sitt liv gjennom dei fire årstidene.

Det skal produserast to VR-filmar: Den eine skal kunne brukast av turistar på nasjonalparksentera, og den andre filmen skal kunne brukast i eit pedagogisk tilbod for skular (ein skuletime). Norsk fjellsenter har tidlegare erfaring med VR-prosjekt for Den kulturelle skulesekken og har brukt VR-briller til skulebruk for å gjere undervisninga enkel og effektiv. Dette prosjektet er i tråd med nasjonalparkforvaltninga sin strategi om å formidle kunnskap og vern av villreinen, særleg i Reinheimen og Breheimen, der villreinen har viktige leveområde.

## Vurdering

Villrein er ein del av verneformålet for Breheimen nasjonalpark og har gjennom kvalitetsnormen fått gul farge. Det er eit mål om at området skal få grøn farge på sikt. For å ta omsyn til villrein vil neste generasjons handlingar vera viktig for om dette målet blir nådd. Dei autoriserte nasjonalparksentera er viktige formidlingsaktørar av kunnskapen om villreinen.

Norsk fjellsenter i Lom har arbeida med eit formidlingsprosjekt med VR teknologi i 2023, og har hausta særst gode attendemeldingar frå elevar og lærarar. I 2024 og 2025 ynskjer dei å vidareutvikla prosjektet til å ta for seg villrein, og fremja folk si forståing og kunnskap om villreinen sin bruka av fjellområda.

Tiltaket er i tråd med vedtatt besøksstrategi for Breheimen, og nasjonale føringar om at autoriserte besøkscenter nasjonalpark skal formidle verneverdiar til nasjonalparkane. Eit slikt prosjekt har ikkje nasjonalparkforvaltninga kapasitet til å gjennomføra på eigenhand, og ein ser verdien av at eitt av dei autoriserte nasjonalparksentera kan bidra til å nå ei målgruppe som ein har utfordring med å nå ut til i dag.

Kunnskap om villrein ligg i grunn for prosjektet, og det er informasjon og kunnskapsdeling med komande generasjonar som er i fokus. I heile prosjektet så ynskjer ein å gje nærleik til villrein utan at dei som mottek formidlinga har behov for å oppleve villrein direkte. Ein har fokus på føre-var under produksjon av filmene, og har dermed valt å filme tamrein, og ikkje villrein. Noko filming frå villreinområdet er ynskjeleg for å skapa tilhøyrigheit til Reinheimen-Breheimen villreinområde, men det blir bl.a. sett i samanheng med anna forvaltningsretta motorferdsel.

Prosjektet har vorte støtta økonomisk av Villreinnemnda, Miljødirektoratet og Reinheimen nasjonalparkstyre, men prosjektet treng ytterlegare midlar for å dekkje filmproduksjonen, som inkluderer bl.a. droneopptak, animasjonar og lydopptak frå naturen. Totalbudsjettet på prosjektet er på 1.385.000,- og pr. nå er dette dekt inn med i overkant av 800.000,-.

Med bakgrunn i prosjektets art og karakter meiner sekretariatet i Breheimen nasjonalparkstyre at dette er eit utruleg godt prosjekt som bør bli realisert så snart som mogleg. I ressursgruppa for prosjektet sit det ein forvaltar frå både Breheimen og Reinheimen, og gjennom måten prosjektet er lagt opp på har forvaltninga stor innflytelse på kva som bør prioriterast i samband med synleggjering av villreinenens utfordringar.

Gjennom forvaltarane sin deltaking i ressursgruppa har det vore viktig at resultatet av prosjektet blir gjort tilgjengeleg for dei andre nasjonalparksentera i Fortun, Jostedal og Åndalsnes. Prosjektleiaren på fjellsenteret bekreftar at «turistfilmen» og «elevfilmen» vil bli distribuert vederlagsfritt til desse, og aktørane vil også bli involvert i utviklinga av produktet på eit seinare tidspunkt. Slik ein ser dette nå vil dette prosjektet føre til auka samarbeid mellom sentera og nasjonalparkforvaltninga om eit viktig tema.

Miljødirektoratet fekk i 2023 i oppdrag om å levere forslag til ordning for fast fordeling av grunnstøtte til nasjonalpark- og verneområdestyrer for vedlikehald, fornying av infrastrukturtiltak, informasjonsarbeid m.m. Breheimen nasjonalparkstyre fekk tildelt 100.000,- i grunnstøtte i februar 2024. Med bakgrunn i at styret fekk tildelt redusert sum for drift av sjølve nasjonalparkstyret, vart det usikkerheit om grunnstøtta også måtte brukast til ordinær drift av styret i 2024. Nå på slutten av driftsåret ser det ut til at styret vil ha ein rest på mellom 70.000,- og 100.000,- ved årsslutt (tala er usikre fordi det manglar ein del



rekningar pr. nå). Sekretariatet meiner derfor at restbeløpet etter årets drift bør nyttast til å støtte opp om prosjektet «Villrein i VR» som blir utvikla ved Norsk Fjellsenter i Lom.



Arkivsaksnummer: 2024/12763-2

Saksbehandlar: Aina-Elise Bolstad Stokkenes

Dato: 15.11.2024

Utval	Utvalssak	Møtedato
Breheimen nasjonalparkstyre	47/24	22.11.2024

## Breheimen nasjonalpark - midlar til tiltak i verneområde i 2025

### Innstilling frå forvaltar

1. Breheimen nasjonalparkstyre sluttar seg til at det blir søkt om tiltaksmidlar for 2025 via Miljødirektoratets elektronisk søknadssenter (ESS) i tråd med tiltaksplanen i saka. Endeleg prioritering av tiltak blir gjort i bestillingsmøte 2 i februar/mars 2025, etter tildeling av midlar frå Miljødirektoratet. Sekretariatet får fullmakt til å gjera mindre endringar på tiltaksplanen dersom dette viser seg naudsynt fram mot innmeldingsfristen den 10. januar 2025. Sekretariatet orienterar styreleiar om eventuelle endringar i tiltaksplanen fram mot innmeldingsfristen.
2. Breheimen nasjonalparkstyre godkjenner forslaget til budsjett for året 2025. Budsjettet blir lagt inn i elektronisk søknadssenter (ESS) innan fristen den 10. januar 2025. Sekretariatet får fullmakt til å gjera mindre endringar på budsjettet dersom dette viser seg nødvendig fram mot innmeldingsfristen. Sekretariatet orienterar styreleiar om eventuelle endringar i budsjettet fram mot innmeldingsfristen.
3. Breheimen nasjonalparkstyre tek skjema om SNO-ressurs til orientering. Nasjonalparkstyret vil påpeike at det er viktig at verneområda i Breheimen får tildelt ressursar til oppsyn på linje med tidlegare år.

--- slutt på innstilling ---

### Dokument i saka

- Brev datert 07.11.2024 frå Miljødirektoratet - Rammer og opplegg for Statsforvalteren og verneområdestyrene midler til tiltak i verneområder og naturrestaurering, samt SNO ressursar i verneområder- 2025

- Strategi for bruk av midler til tiltak 2020-2025
- Skjema for SNO ressursar i 2025
- Oppdatert tiltaksliste frå besøksstrategien

## Saksopplysningar

### Midlar til tiltak i verneområde

Tiltaksplanen skal evaluerast kvart år og dette framlegget til tiltaksplan er forankra i Forvaltingsplan for verneområda i Breheimen, Skjøtselsplan for Høydalen landskapsvernområde, Skjøtselsplan for Vigdalen landskapsvernområde, Skjøtselsplan for Mysubytta landskapsvernområde og Skjøtselsplan for Mørkridsdalen landskapsvernområde og besøksstrategien for Breheimen.

Framlegget til tiltaksplan 2025 er m.a. basert på erfaringar sekretariatet har med gjennomførte tiltak i 2024. Dette er altså ei liste over tiltak som sekretariatet ynskjer skal verta utført i løpet av 2025. Under saksførebuinga har det vore god dialog mellom forvaltarane og lokalt SNO i Breheimen, med bl.a. møte på Teams den 12. november, og elles jamleg kontakt knytt til gjennomføring og planlegging av tiltak (sjå vedlegg).

Gjennom tiltaksplanen melder nasjonalparkstyret inn behov for midlar til gjennomføring av tiltak i verneområda i 2025. Frist for innmelding i elektronisk søknadssenter er 10. januar 2025. Midlar til tiltak i verneområda er statlege investeringsmidlar som vort løyvd over post 1420.31 for å betre naturtilstanden i verneområda. I brevet frå Miljødirektoratet står det bl.a.:

*Midlane går til tiltak som er naudsynte for å ta vare på verneverdiane, inkludert utgreiingar som er naudsynte før tiltak, informasjonstiltak og skjøtsels- og tilretteleggingstiltak. Tilretteleggingstiltaka omfattar opparbeiding av stigar, klopping og merking for å betre tilgjenge i verneområda og samstundes styre ferdsla i og rundt sårbar natur i verneområda. Midlane nyttast òg til informasjonstiltak i alle typar av verneområde i samband med ny merkevare for Noregs nasjonalparkar og til utarbeiding av besøksstrategiar for nasjonalparkar og andre verneområde med store besøkstal eller særskilde utfordringar. Alle tiltak skal vere i tråd med godkjent forvaltings-/skjøtselsplan for verneområda og andre relevante styringsdokument.*

*Posten for tiltaksmidler er en statlig investeringspost for forvaltningsmyndighetenes prioriterte tiltak i verneområder. Midlene skal derfor kun benyttes til tiltak i forvaltningsmyndighetens egen regi, ev. til kjøp av tjenester for gjennomføring av tiltakene. Midlene kan ikke benyttes som tilskudd til andre aktører. Drift og vedlikehold av infrastruktur (veier, toaletter, parkeringsplasser o.l.) utenfor verneområdene finansieres ikke over tiltaksmidlene.*

*For å kunne ivareta verneverdiene innenfor verneområder, vil det av og til være nødvendig å gjennomføre tiltak også utenfor verneområdene. Dette betinger samarbeid og avtale med grunneiere. Et eksempel på et slikt tiltak er når uttak av*

*fremmede arter innenfor og utenfor vernegrensene må sees i sammenheng for at tiltaket skal få optimal effekt.*

*For å oppnå en god forvaltning av verneområder, kan det være nødvendig med generelle naturkartlegginger, sårbarhetsvurderinger, brukerundersøkelser, utarbeidelse av forvaltnings- og skjøtselsplaner, overvåking og utarbeidelse av nettsider o.a. Slike tiltak finansieres ikke over kap./post 1420.31, men over andre budsjettposter.*

### Midlar til drift av nasjonalparkstyre og midlar til arbeid med forvaltningsplanar og skjøtselsplanar

Det kan søkast om midlar til drift av nasjonalpark- og verneområdestyra, og midlar til arbeid med forvaltningsplanar og skjøtselsplanar. Ved søknad om midlar til drift av nasjonalpark- og verneområdestyra må det setjast opp eit budsjett som viser forventa utgifter til reise- og møtegodtgjering for styremedlemmane, samt evt. reiseutgifter for medlemmar av rådgjevande utval.

Ved søknad om midlar til dekking av utgifter i forbindelse med utarbeiding av forvaltningsplanar, besøksstrategiar og skjøtselsplanar kan det søkjast om midlar til utgifter som eks. naudsynte kartleggingar, møter og liknande.

Forslag til budsjett til drift av styret og midlar til arbeid med skjøtselsplanar for 2025 skal leggjast inn i elektronisk søknadssenter (ESS Miljødirektoratet) innan fristen den 10. januar 2025.

## **Heimelsgrunnlag**


### **Delegering**

Miljøverndepartementet har i brev av 1. februar 2011 delegert forvaltningsmynde for Breheimen nasjonalpark med tilhøyrande verneområde til Breheimen nasjonalparkstyre. Dette er gjort med medhald i naturmangfaldlova § 62.

# Vurdering

## Skjøtsel

Miljødirektoratet har gjeve føringar for prioritering av tiltak gjennom *Strategi for bruk av midler til tiltak i verneområder 2020-2025*. I strategien er det presisert at det overordna målet for forvaltning av verneområda er at verneføremålet og verneverdiane i det enkelte verneområde skal ivaretakast. I Mysubytta-, Høydalen-, Vigdalen- og Mørkridsdalen landskapsvernområde er mangel på skjøtsel av kulturlandskapet vore ein av dei største truslane mot verneverdiane. I Mørkridsdalen- og Vigdalen landskapsvernområde har det sidan 2011 og fram til i dag vore gjennomført ulike skjøtselstiltak. Det er svært viktig at skjøtsel av desse områda held fram og oppfølging av desse områda gjennom skjøtelsplan har høg prioritet. For Mysubytta- og Mørkridsdalen landskapsvernområde vart det utarbeidd skjøtelsplanar i 2016/2017, og skjøtelsplanane for Vigdalen- og Høydalen landskapsvernområde vart godkjent i 2021. I alle desse områda vil det vera behov for årleg skjøtsel for å ta vare på verneverdiane og verneføremåla.



Figur 1. Trusselfaktorer i verneområder pr 31.12.2017

I følgje *Strategi for bruk av midler til tiltak i verneområder 2020-2025* gjeld følgjande prioriteringar for skjøtselsprosjekt:

**Prioritet 1:** Tiltak som direkte bidrar til å motvirke negative påvirkningsfaktorer knyttet til trusselbildet. Ramsar-områder og truede naturtyper prioriteres høyst blant disse tiltakene.

**Prioritet 2:** Løpende skjøtselstiltak

**Prioritet 3:** Vedlikehold av eksisterande tilrettelegging

**Prioritet 4:** Bruk av merkevaren Norges nasjonalparker i verneområder med høgt besøkstrykk

**Prioritet 5:** Bruk av merkevaren i øvrige verneområder

**Prioritet 6:** Besøksforvaltningstiltak som ikkje er direkte knytt til trusselbilette (slik som fugletrån mm).

Tiltaka i landskapsvernområda er oppfølging av dei ulike skjøtselsplanane. I Mørkridsdalen er det fleire pågåande skjøtselstiltak som krev årleg oppfølging, til dømes slått av lauvenger og slåttemark, og styrte beiteprosjekt. Resultata av desse tiltaka viste også att ved utarbeidinga av skjøtselsplanen har mange område fått auka verdivurdering i forhold til då vernet kom i 2009. Det blir også gjennomført styrt beiteprosjekt i Vigdalen LVO, Høydalen LVO og Mysubytta LVO. Sidan mykje av verneverdiane i landskapsvernområda er knytt opp mot det å ha tilgang på beitedyr i landskapsvernområda, er det viktig at buforvegar blir helde i hevd. Difor er noko midlar knytt opp mot mindre utbetringar av desse.

Stølsområda og kulturlandskapet er viktige verneverdiar. Desse ønskjer me å ta vare på og framheva gjennom samarbeid med grunneigarar og brukarar. Gjennom slike samarbeid blir det rydda skog og problemvekstar. Siste åra har det blant anna vore rydda gran i Vigdalen og ein ser seg ferdig med det prosjektet. Det er viktig å følgje opp slik hogst med rydding og beite slik at ikkje uønskt vekstar som bringebær tek over areala på stølsvollen, og fjerna oppskudd av nye granplanter i landskapsvernområda generelt.

Noko av det mest særreigne for Mørkridsdalen er den omfattande haustingsskogen, og i 2024 vart sjukdommen almesjuke oppdaga langs Sognefjorden. Dette er ein aggressiv sjukdom som kan påverka haustingsskogen sær negativt. Haustingsskogen er viktig både biologisk og kulturhistorisk, og forvaltinga reknar med at ein får meir kunnskap om sjukdomen, overvaking og tiltaksforslag i 2025.

Høydalen er ein del av det nasjonalt viktige kulturlandskapet i Bøverdalen. Det er ein gamal seterdal der det ikkje lenger er aktiv setring, men det blir sleppet omlag 60 kyr og 100 sauer på utmarksbeite. Desse går spreidd i Høydalen, gjerne med flest dyr i Søre og Nordre Høydalen. Dette gjer at det framleis er opne naturbeitemarker i desse setergrendene, men attgroing med einer, vier og bjørk er eit problem i heile dalen. I alt vart det skild ut 4 viktige og lokalt viktige naturbeitemarker i dalen, og innan desse er det anbefalt fleire skjøtselstiltak for å ta vare på naturverdiane. I 2021 vart det starta opp med rydding av areal både på nordre- og søre Høydalen og tiltaket vart vidareført i 2022-2024. Dette må fortsetje i åra framover også. Godt samarbeid med grunneigar og seterbrukarar er heilt avgjerande for at ein kan

lykkast med dette arbeidet. I 2025 ynsker sekretariatet og SNO å bidra med ein rydde dugnad på eit areal som har stort restaureringspotensial i Høydalen.

Mysubytta er eit karakteristisk og representativt seterlandskap for nordlege delar av Gudbrandsdalen. Beitetrykket her er for lågt til at seterleveane, beitevollane og naturbeitemarkane kan oppretthaldast på lang sikt. Beiteområda oppover lia og i rasmarkane gror svært raskt att. Det er allereie gjort nokre tiltak for å rydde lauvoppslag omkring setrane, og ein del naturbeitemark er rydda for einer. I 2024 vart det gjennomført eit beiteporosjekt med geit som har gjeve godt resultat på naturverdiane, og beitebrukar ynskjer å fortsette dette prosjektet i 2025. Målsetjinga med restaurerings- og skjøtselstiltaka er å ta vare på eit heilskapleg seterlandskap med dei biologiske og kulturhistoriske verdiane som er karakteristiske for området. Meir spesifikt framover er målsetjinga å oppretthalde og helst auke beitebruken i tillegg til å fjerne einer og lauvtre.

Det var lagt opp til to nye skjøtelsprosjekt med styrt beiting av geit, eitt i Mysubytta landskapsvernområde, og eitt i Mørkridsdalen landskapsvernområde i 2024, begge vert vidareført i 2025. Det er i tillegg lagt inn nokre mindre skjøtselstiltak som går på å rydde mindre graner rundt fjellstølen Åsete i Mørkridsdalen, og rydde ein morenerygg rundt stølen Fast i Mørkridsdalen landskapsvernområde. Vedlagt tiltaksplan for detaljert oversikt over dei enkelte tiltaka i landskapsvernområda.

#### Opprusting/vedlikehald av buforvegen Mørkridsdalen

Sidan vernet i 2009 har det blitt fleire beitedyr i Mørkridsdalen, det er mange bønder som nyttar områda og mange av dei kulturstyrte naturtypelokalitetane har fått auka verdi. Nå er det både sau, storfe, geit og hest som beitar i verneområdet. Å få hest og storfe på beite inn den lange dalen krev at buforvegen blir vedlikehalden. I 2024 har ein gjennomført ei omfattande synfaring som skal resultera i eit grunnlagsdokument for vidare tiltak på buforvegen i hoveddalføret mellom Hyrnevollen og Fossen. Med utgangspunkt i forslag til tiltaksplan vil det vinteren 24/25 vil det føregå ein prosess i lag med Skjolden grunneigarlag, Skjolden beitelag og Vestland fylkeskommune om tilstand, og tiltak som skal/kan gjennomførast. Fokus har tidlegare vore fleire punkt og kortare strekkingar der det trengst utbetringar for å sikre føreseieleg og trygg buforing. Skjolden grunneigarlag har kome med attendemelding på ei prioriteringsliste for tiltak på buforvegen, med fokus på parsellar kor tap av storfe er prioritert høgast. Målet er å finna gode løysingar på tiltak knytt til buforvegen slik at ein ivareteke kultur-, opplevings- og bruksverdien. Tiltaksplanen med sine råd og anbefalingar skal ligga til grunn før tiltak på buforvegen vert gjennomført. Det er sett av ein sum til gjennomføring av tiltak då ein på synfaringa i september observerte to punkt som er kritisk i høve å få storfe og hest til Dalen.

Etter gjengroing er framande artar den trusselen som er høgst i verneområda i Noreg. I Tundradalen er det ein bestand av vrifuru. Vrifuru er på framandsartslista, og har fått kategorien svært høg risiko. Sidan tiltaket er av eit vist omfang så ynskjer sekretariatet å melde behov for midlar inn under skjema for *Naturrestaurering* til Miljødirektoratet. Beløpet er ikkje avklara endå.

#### Besøksstrategi og implementering av merkevara Norges nasjonalparker

Alle nasjonalparker skulle ha ferdig ein besøksstrategi innan år 2020, men langt frå alle nasjonalparkane er ferdige med dette arbeidet. Besøksstrategien til Breheimen vart vedtatt av nasjonalparkstyret 24.11.23.

Med bakgrunn i at besøksstrategien er godkjent, kan nasjonalparkstyret melde inn behov for midlar til å utarbeide nye informasjonsplakatar, temaplakatar, informasjonspunkt osv. Alle informasjonstiltak som vert sett i verk skal vere i tråd med merkevara Norges nasjonalparker. Det er lagt inn midlar til denne type tiltak i tiltaksplanen for 2025. Miljødirektoratet har starta arbeidet med å utarbeide nytt kart og brosjyre for Breheimen NP, men prosessen har teke tid på grunn av stor arbeidsmengde hos dei som utfører arbeidet for direktoratet. Sekretariatet har som mål om å utarbeide denne i løpet av 2025.

I samband med merkevara «Norges nasjonalparker» vil nasjonalparkstyret få ansvar for to nettsider, ei som er retta mot dei besøkande ([www.breheimennasjonalpark.no](http://www.breheimennasjonalpark.no)) og ei som er retta mot arbeidet som nasjonalparkstyret gjer (<http://nasjonalparkstyre.no/Breheimen/>). Det er kjøpt inn ulike domenenavn til den besøksretta nettsida. Det er også gjort eit val av leverandør av den tekniske utforminga og det er gjennomført eit oppstartmøte. Arbeidet med den besøksretta nettsida starta med eit møte med Trollbinde. Den besøksrett nettsida er påbegynt med tanke på å lage innhald, omsetje tekstar og skaffe bilete. Det er streng bruk av bilete i den nye merkevara, og det kan vere naudsynt å kjøpe nye bilete.

I samband med oppfølging av tiltaksplan knytt til besøksstrategien er det lagt opp til å gjennomføre ei moglegheitsstudie for kundereisa i Luster/innfallsporten i Mørkridsdalen med oppstart for arbeidet i 2025.

Fordeling av midlar til tiltak i verneområde i 2025 har pr. 15.11.2024 slik fordeling:

Verneområde - Tiltakskategori	Sum omsøkte midlar 2025 pr. 15.11.24
Breheimen NP	450001
Informasjon	300000
Kunnskapsinnhenting	1
Tilrettelegging	150000
Høydalen LVO	200000
Skjøtsel av vegetasjon	200000
Mysubytta LVO	100000
Skjøtsel av vegetasjon	100000
Mørkridsdalen LVO	1287500
Skjøtsel av vegetasjon	407500
Tilrettelegging	880000
Vigdalen LVO	65000
Skjøtsel av vegetasjon	65000
<b>Totalsum</b>	<b>2102501</b>



### Ferdselsteljarar

Behov for elektroniske ferdselsteljarar skal meldast inn i ESS. Ferdseleksregistreringar er eit viktig verkemiddel både for å kartlegge bruken og for å sjå på utviklinga over tid. Dette for å kunne vurdere aktuelle tiltak for å styre ferdsla og for å ta vare på sårbare område. Breheimen har disponert til saman 2 ferdselsteljarar i 2024.

For sesongen 2025 er det ynskjeleg å få sett opp ferdselsteljar på stien over Kamperhamrane.

Det er også ynskjeleg å halda langtidsseriar i Mørkridsdalen, og ein ser for seg ein ferdselsteljar etter hoveddalføret.

### Midlar til drift av nasjonalparkstyre og midlar til arbeid med forvaltningsplanar og skjøtselsplanar

Det blir i 2025 teke høgde for at det blir gjennomført 4 fysiske styremøte, 2 telefonmøte og 2 e-postbehandlinger. I tillegg blir det teke høgde for at det blir gjennomført møte i rådgjevande utval. Sekretariatet meiner at det kan gjennomførast forsvarleg drift av nasjonalparkstyret med dei estimerte kostnadane som er synleggjort i vedlegg til saka. Totalt vert det søkt om kr 261797 kr for 2025.

I løpet av 2025 skal det lagast ein skjøtselsplan for Høyrokampen naturreservat. Dette skulle eigentleg vorte utført i 2023, men vart sett på vent med bakgrunn i at vi fekk naturtypekartlegging i det same området i 2023. Midlar til utarbeiding av skjøtselsplan blir derfor teke opp at for 2025. Totalt vert det søkt om kr 150 000 i 2025.

Totalt vert det søkt om kr 411797 til drift av Breheimen nasjonalparkstyre og til å utarbeide skjøtselsplan for Høyrokampen naturreservat i 2025.

### SNO-ressurs Breheimen

Bestilling av tenester frå Statens naturoppsyn Breheimen blir lagt inn i eige skjema (sjå vedlegg). Denne bestillinga gjeld både kontroll, overvaking/registrering og utføring av skjøtsel og tilrettelegging. Oppsettet er gjort med bakgrunn i oppgåvene som er skissert i tiltaksplanen for 2025.

**Estimat av totalt antall møter og kostnad for drift  
av Breheimen nasjonalparkstyre 2025**

Kapittelpost 142021 Spesielle driftsutgifter Miljødirektoratet

Type møte	Antall møter	Varighet i timer	Forberedelse i timer	Ant. pers	Sum
Styremøte	4	6	5	6	184 104
E-postbehandling	2	0	1	6	3 270
Teamsmøte	2	2	2	6	13 423
Overnatting befaring/møte x 2 pr. styremedlem (2000,-)					24 000
Andre møter / uforutsette utgifter					10 000
<b>Delsum kostnad styremøter:</b>					<b>234 797</b>
<b>Andre tillegg</b>					
Rådgivende utvalg:					
18 personer x 1500,- i reise og mat.				18	27 000
<b>Total driftskostnad Breheimen nasjonalparkstyre 2025:</b>					<b><u>261 797</u></b>

**Utgifter til kartlegging 2025**

Kapittelpost 142021 Spesielle driftsutgifter Miljødirektoratet

	Kartlegging	Annonser	Trykking m.m.	Møter/Annet
Skjøtselsplan for Høyrokampen naturreservat	140 000	5 000	3 000	2 000
<b>Kostnad totalt:</b>				<b><u>150 000</u></b>

**Innspill om ønsket SNO ressurs i verneområder.** (Sett inn nye linjer for hvert ønsket utført oppdrag)

2025									
Forvaltning: Breheimen nasjonalparkstyre									
Fyltes ut av SNO									
Verneområde/Tilrettelegging	Prioritering	Beskrivelse av oppdrag og metode	Forankring i planverk	Rapporterin g ( Verneområ detlogg, Artsob, Natstat)	Merknad	Ansvarlig i SN	Tidsbruk (dageverk)	Gjennomført ja/nei	Kommentarer
<b>Verneområde/Tilrettelegging</b>									
Honnsvrve NR	2	Varding stig Botn-Åsen.	Skjotselsplan	Naturoppdrag	Varding og noko rydding.		0,5	ja	
Breheimen NP	1	Sette opp skilt i Dumdalen i Breheimen NP.	Forvaltningsplan	Naturoppdrag	Skifte ut dagens plakat + mogleg setje opp ekstra skilt	Jo Trygve Lyngve	3		
Breheimen NP, Mysubytta LVO, Høydalen LVO, Strynefjellet LVO, Høyrokampen NAT, Honnsvrve NAT	1	Sette opp nye informasjonsplakater og bidra ved oppsetjing av stativ etter ny merkevare.	Tiltaksplan	Naturoppdrag	Bistå med å sette opp nye informasjonsplakater og nye informasjonspunkt etter ny merkevare.	Jo Trygve Lyngve	3		
Breheimen NP, Mørkridsdalen LVO, Vigdalen LVO	1	Sette opp nye informasjonsplakater og bidra ved oppsetjing av stativ etter ny merkevare.	Tiltaksplan	Naturoppdrag	Bistå med å sette opp nye informasjonsplakater og nye informasjonspunkt etter ny merkevare.	Liv Byrkjeland	3		
Breheimen NP	2	Fjerning av gammelt gjerde på Dyringsha.	Forvaltningsplan	Naturoppdrag		Jo Trygve Lyngve	2		
Breheimen NP	1	Skifte ut gamle og slitne løveskilt. Kontroll informasjonsskilt.	Forvaltningsplan	Naturoppdrag	Sette opp bandtvangsskilt (underskilt på løveskilt) i infalsportar til Breheimen NP, Mørkridsdalen LVO og Vigdalen LVO	Liv Byrkjeland	2		
Breheimen NP	1	Skifte ut gamle og slitne løveskilt. Kontroll informasjonsskilt.	Forvaltningsplan	Naturoppdrag	Skifte ut gamle og slitne løveskilt. Kontroll informasjonsskilt. Melding om øydelagt skilt i Tundradalen.	Jo Trygve Lyngve	2		
<b>Verneområde/Skjøtsel</b>									
Mysubytta LVO, Høydalen LVO	1	Oppfølging av tiltak med bakgrunn i skjøttsplan og tiltaksplanene.	Skjøttselsplan	Naturoppdrag	Bistand og oppfølging av tiltak gjennom skjøttselsavtaler, rydding og hogst.	Jo Trygve Lyngve	4		
Høydalen LVO	1	Inngjerding av beiteareal på Nordre Høydalen.	Skjøttselsplan	Naturoppdrag	Bistå med inngjerding av areal for å få opp beitetrykkt og rydde naturbeitemark for ener m.m. Oppfølging av tiltak underveis.	Jo Trygve Lyngve	2		
Vigdalen LVO, Mørkridsdalen LVO	1	Oppfølging av tiltak med bakgrunn i skjøttsplan og tiltaksplanene.	Skjøttselsplan	Naturoppdrag	Bistand og oppfølging av tiltak gjennom skjøttselsavtaler, beiteprosjekt, rydding og hogst. + kartlegging almesjukke (2)	Liv Byrkjeland	10		
Mørkridsdalen LVO	1	Oppfølging av tiltak i lauveng og haustingsskog.		Naturoppdrag	Følgje opp rapport frå Steinar Vatne, Steinhaugen og Hallingabakkane.	Liv Byrkjeland	6		
Mørkridsdalen LVO		Slåttemyr		Naturoppdrag		Liv Byrkjeland	4		
Mørkridsdalen LVO	2	Slått og rydding ved Mørkridd	Skjøttselsplan	Naturoppdrag	Årlig slått av lauveng ved Mørkridd og fjerning tistel på Berget samt tiltak mot lauvoppslag. Slått på Steinhaugen.	Liv Byrkjeland	5		
<b>Verneområde/Bevarings mål - kartlegging - registrering</b>									
Mysubytta LVO, Høydalen LVO	1	Overvaking og oppfølging av bevaringsmål.	Skjøttselsplan	Naturoppdrag		Jo Trygve og Liv	3		
Mørkridsdalen LVO, Vigdalen LVO	1	Overvaking og oppfølging av bevaringsmål.	Skjøttselsplan	Naturoppdrag		Liv Byrkjeland	3		
Breheimen NP, Høydalen LVO og Mysubytta LVO	2	Registrering av teknisk installasjon.	Forvaltningsplan	Naturoppdrag	Mål på bygningar og registrering av andre installasjonar. Prioritere stalsområde med høg aktivitet. Ynska tenestekjøp i Mysubytta og Høydalen LVO.	Jo Trygve Lyngve	5		
Breheimen NP, Vigdalen LVO og Mørkridsdalen LVO	1	Overvaking og fjerning av framande artar, gran.	Skjøttselsplan	Naturoppdrag		Liv Byrkjeland	3		
Breheimen NP	1	Overvaking og fjerning av framande artar, gran.	Skjøttselsplan	Naturoppdrag	Tundradalen: Par mål. Mogleg å fjerne med traktor og vinsj eller hogge og kviste slik at det rotnar.	Jo Trygve Lyngve	1		
Breheimen NP	1	Sette ut og følgje opp ferdselstelarar.	Forvaltningsplan	Naturoppdrag	Oppsett og nedattaking, inkl. oppfølging.	Liv Byrkjeland	2		
Breheimen NP	1	Sette ut og følgje opp ferdselstelarar.	Forvaltningsplan	Naturoppdrag	Oppsett og nedattaking, inkl. oppfølging.	Jo Trygve Lyngve	2		
<b>Verneområde/Tilsyn og kontroll</b>									
Breheimen NP, Mysubytta LVO, Høydalen LVO, Strynefjellet LVO, Høyrokampen NAT, Honnsvrve NAT	1	Oppfølging av dispensasjonar, både styrevedtak og delegerte vedtak, inkludert kontroll av motorferdsel.	Forvaltningsplan	Naturoppdrag	Generell prioritering av kontrollverksemd. Kontroll/Godkjenning av tiltak, inkludert kontroll av motorferdselløyve/køyrebok når løyvet er gjeldande.	Jo Trygve Lyngve	5		
Breheimen NP, Mørkridsdalen LVO, Vigdalen LVO	1	Oppfølging av dispensasjonar, både styrevedtak og delegerte vedtak, inkludert kontroll av motorferdsel.	Forvaltningsplan	Naturoppdrag	Generell prioritering av kontrollverksemd. Kontroll/Godkjenning av tiltak, inkludert kontroll av motorferdselløyve/køyrebok når løyvet er gjeldande.	Liv Byrkjeland	5		
Breheimen NP, Mørkridsdalen LVO, Vigdalen LVO	1	Fonnefunn	Forvaltningsplan	Naturoppdrag	Sjå etter fonnefunn rundt Harbardsbreen	Liv Byrkjeland	3		

TILTAKSPLAN FOR BREHEIM		Sist endret: 15.11.22										Bestillingsmøte 22 i			
Prioritet	Verneomsrådenavn + naturbase-id	Tiltakskategori	Kort beskrivelse av tiltak	Finansiering	Samarbeids-aktører	Hvem gjennomfører tiltaket?	Gjennomføringsperiode	Intervall (eventuelle)	Merknad / kommentar	Sekretariatet sitt framlegg til finansiering (kr)	NP-styret sitt vedtak november 2024 / januar 2025	Sekretariatet sitt framlegg til finansiering (kr)	NP-styret sin prioritet mars 2025		
1	Mårkdalen LVO - VV00002832	Skjøtsel av vegetasjon	Slått på Knivbakkerområdet	Nasjonalparkstyret	Grunneigarar på Knivbakkerområdet, Nasjonalparkstyret, SNO	Grunneigarar på Knivbakkerområdet	2010	Årlig	Årlig skjøtselstiltak tilrådd i skjøtselplanen. Slåttevegen er totalt 26 des. Avtale med grunneigarar	kr 45 000					
2	Mårkdalen LVO - VV00002832	Skjøtsel av vegetasjon	Haustrøtte med sau på Knivbakkerområdet og Knivbakkellet	Nasjonalparkstyret	Grunneigar og Nasjonalparkstyret	Grunneigarar på Knivbakkerområdet og Knivbakkellet	2010	Årlig	Årlig skjøtselstiltak tilrådd i skjøtselplanen. Kr. 6000,- i grunnfisket + kr. 120 pr. dyr. To grunneigarar frå 2017. Beige har kring 100 vakne dyr. Avtale med Kvål Einar Ørnberg og Tor Inge Møllum	kr 45 000					
3	Mårkdalen LVO - VV00002832	Skjøtsel av vegetasjon	Slått på Dubsete	Nasjonalparkstyret	Grunneigar på Dubsete, Statens naturoppsyn og Nasjonalparkstyret	Grunneigarar på Dubsete	2010	Årlig	Årlig skjøtselstiltak tilrådd i skjøtselplanen. Vikår som inngjerding og oppfølging av gjerde. Slåttevegen på Dubsete er 21 des. Avtale med Johnnes og Ein Isaug	kr 60 000					
4	Mårkdalen LVO - VV00002832	Skjøtsel av vegetasjon	Haustrøtte med sau i Grøndal	Nasjonalparkstyret	Grunneigar, og Nasjonalparkstyret	Grunneigar i Grøndal	2018	Årlig	Årlig skjøtselstiltak som inngår i eit program. Rune Fuglestad har kring 100 vakne dyr. Det vert lagt til grunn eit grunnfisket på 6000 for kvar + 120 per vakne dyr som vert slept fram att på belte etter hovudsak og klipping	kr 22 500					
5	Høydaalen LVO - VV00002827	Skjøtsel av vegetasjon	Rydding av einar og annen vegetasjon ved Sjøen i Høydaalen. Inngjerding av areal for å få stor beitetrykk på Nordre Høydaalen.	Nasjonalparkstyret	Sekretariatet, SNO, Brukrettskvarar, Lom Fjellstyre	Sekretariatet, SNO, Brukrettskvarar, Lom Fjellstyre	2021	Årlig	Fjerne einar m.m. i tråd med skjøtselplanen. Styrt beiting av rydda areal.	kr 100 000					
6	Høydaalen LVO - VV00002827	Skjøtsel av vegetasjon	Rydding av einar og annen vegetasjon ved Sjøen i Høydaalen.	Nasjonalparkstyret	Sekretariatet, SNO, Brukrettskvarar, Lom Fjellstyre	Sekretariatet, SNO, Brukrettskvarar, Lom Fjellstyre	2021	Årlig	Inngjerding av areal og fjerne einar m.m. i tråd med skjøtselplanen. Styrt beiting av rydda areal med gull.	kr 100 000					
7	Mårkdalen LVO - VV00002832	Slått på Berzet	Slått på Berzet	Nasjonalparkstyret	Grunneigarar	Grunneigarar	2004	Årlig	Grunneigar har byrja å slå den gamle slåtemarka, og i 2024 har ein rydda eit nytt areal som har stort potensial til å verta slåtemark i god hald.	20000					
8	Myrabytta LVO - VV00002829	Skjøtsel av vegetasjon	Skjøtsel i Myrabytta luo	Nasjonalparkstyret	Skjåk Almanning, Eterengarar	Skjåk Almanning, Eterengarar	2018	Årlig	Fjerne einar m.m. i tråd med skjøtselplanen.	kr 50 000					
9	Vigfålen LVO - VV00002831	Skjøtsel av vegetasjon	Haustrøtte med hest, inngjerding og rydding av naturbeitemark på Fjellstien	Nasjonalparkstyret	Grunneigar, Nasjonalparkstyret, SNO	Grunneigar	2016	Årlig	Inngjerda beiting med hest. Hovudfokus på naturbeitemark kring Vigfålestien, jf. skjøtselplan. Oppsetting/redaktning av gjerde, rydding av naturbeitemark.	kr 15 000					
10	Vigfålen LVO - VV00002831	Skjøtsel av vegetasjon	Rydding av problemvekster og tynning av skog på naturbeitemark Fjellstien	Nasjonalparkstyret	Grunneigar, Nasjonalparkstyret, SNO	Grunneigar	2023		Rydding og slått som skildra i skjøtselplan	kr 20 000					
11	Mårkdalen LVO - VV00002832	Skjøtsel av vegetasjon	Fjerne av tistel på Dalen	Nasjonalparkstyret	Grunneigarar, Nasjonalparkstyret, SNO	Grunneigarar	2015	Årlig	Tiltak vart starta i 2015 og har hatt god verknad. Tiltaket bør følgjast opp nokre år til.	kr 15 000					
12	Mårkdalen LVO - VV00002832	Skjøtsel av vegetasjon	Styving av almi i Steinhaugen/Dygur den	Nasjonalparkstyret	Grunneigarar, Nasjonalparkstyret, SNO, treskjarar	Treskjarar med tilkommefering	2023		Tiltaket er oppfølging av plan for styvingstrær på Steinhaugen og Dygarden i Mårkdalen LVO utarbeida av ekolog Steinar Vatne, rapport 1-2023.	kr 40 000					
13	Mårkdalen LVO - VV00002832	Skjøtsel av vegetasjon	Rydding, slått og beite på Liane	Nasjonalparkstyret	Grunneigarar, Nasjonalparkstyret, SNO	Grunneigarar, evt Skjolden byveservice	2023	Årlig	I samsvar med skjøtselplan skal støvstovlen kring Liane ryddast.	kr 15 000					
14	Mårkdalen LVO - VV00002832	Skjøtsel av vegetasjon	Rydding av problemvekt, stå og råk på Knivbakkellet	Nasjonalparkstyret	Grunneigarar, Nasjonalparkstyret, SNO	Grunneigarar	2021	Årlig	Oppfølging av tiltak i 2020 der ein tek oppskott av bjerk og einar, tyrljelm og brennesle.	kr 20 000					
15	Vigfålen LVO - VV00002831	Skjøtsel av vegetasjon	Rydding av problemvekster og tynning av skog på naturbeitemark Brøttedde	Nasjonalparkstyret	Grunneigar, Nasjonalparkstyret, SNO	Grunneigarar	2021	Årlig	Rydding og slått som skildra i skjøtselplan	kr 20 000					
16	Vigfålen LVO - VV00002831	Skjøtsel av vegetasjon	Rydding av problemvekster og tynning av skog på naturbeitemark Drivande	Nasjonalparkstyret	Grunneigar, Nasjonalparkstyret, SNO	Grunneigarar	2021	Årlig	Rydding og slått som skildra i skjøtselplan	kr 10 000					
17	Myrabytta LVO - VV00002829	Skjøtsel av vegetasjon	Intensiv beiting med gull	Nasjonalparkstyret	Simon Eisar		2024	Årlig	Intensiv beiting med gull på avgrensa areal. Godt samarbeid med beitebrukar	kr 50 000					
18	Mårkdalen LVO - VV00002832	Skjøtsel av vegetasjon	Intensiv beiting med gull på Bergfjallet	Nasjonalparkstyret	Beitebrukar	Beitebrukar	2024	Årlig	Intensiv beiting med gull på avgrensa areal. Godt samarbeid med beitebrukar	50000					
19	Mårkdalen LVO - VV00002832	Skjøtsel av vegetasjon	Fjerne av tistel, einar og lauvoppslag på Fossan	Nasjonalparkstyret	Grunneigarar	Grunneigarar	2024	Årlig	Rydding og slått som skildra i skjøtselplan	15000					
20	Mårkdalen LVO - VV00002832	Skjøtsel av vegetasjon	Rydding av einar og slått av tyrljelm på Fast	Nasjonalparkstyret	Grunneigarar	Grunneigarar	2024	Årlig	Rydding og slått som skildra i skjøtselplan	20000					
21	Mårkdalen LVO - VV00002832	Tilrettelegging	Utbedring buforvegen i Mårkdalen: Vedlikehald, lause restetter av slåtemyr på Dubsete	Nasjonalparkstyret	Grunneigarlag, beitelag, Nasjonalparkstyret, SNO	Sjøbyggjaren	2023		Fleire punkt og strekningar er utfordrande for å få inn dyr på beite. Restmidlar i Luster kommune kan nyttast til desse utbedringane.	50000					
22	Mårkdalen LVO - VV00002832	Skjøtsel av vegetasjon	Fjerne smångrar, einar og kratt ved Åsete	Nasjonalparkstyret	Grunneigarar	Grunneigarar	2024	Årlig	Rydding som skildra i skjøtselplan	15000					
23	Mårkdalen LVO - VV00002832	Skjøtsel av vegetasjon	Rydding av fyll Drivandefossen	Nasjonalparkstyret	Skjolden byveservice	Skjolden byveservice	2025		Behov for å hindra gjengroing med framande artar, og uønska vekster rundt stien.	10000					
24	Mårkdalen LVO - VV00002832	Tilrettelegging	Utbedring på stien mellom Mørkud og Åsetevatn	Nasjonalparkstyret	Skjolden grunneigarlag	Skjolden grunneigarlag	2025		Behov for å flytta opp tiltak gjennomført i 2024	15000					
25	Breheimen NP - VV00002830	Kunnskapinnsamling	Ferdigstillelere for å registrere fordre: • i sårbare grotter i Dumdalen (1 teller) • stor fordre i inn i nasjonalparken på Lomsjøen som ikkje er registrert enda (2 teller).						Vi har tre ferdigstillelere i Breheimen fra 2022 og trenger ikkje flere utover disse for å få gjennomført Brests registreringer.	kr 3					
26	Breheimen NP - VV00002830	Informasjon	Utarbeide nye informasjonsskiltar (hovudskiltar og temaskiltar) etter ny melkesemal for Norges nasjonalparker.	Nasjonalparkstyret		Sekretariat, SNO	2022		Informasjonsskiltar til informasjonspunkt Breheimen NP.	kr 200 000					
27	Breheimen NP - VV00002830	Informasjon	Etalere nye infopunkt med bakgrunn i prioritering i besøksstrategien.	Nasjonalparkstyret		Sekretariat, SNO	2022		Erstatte tavler som vart øydelagt vinter 2020 i samsvar med den nye merkevaren.	kr 100 000					
28	Breheimen NP - VV00002830	Tilrettelegging	Faumen i Skjåk - Skader på infrastruktur Breheimen	Nasjonalparkstyret			2018-2022		Ligger fortsatt midlar til oppgavet Naturskadefondet i Skjåk Almanning (Rest: 217 590,-)	kr 0					
29	Mårkdalen LVO - VV00002832	Tilrettelegging	Moglegheitsstudie i Billingen	Nasjonalparkstyret			2025		Kostnadsoverlag er omtrent. Det er ein del spørsmål knytt til kundereisa besøkscenter (to stk), organisering i medule ved fjordstova og innfallspaten Mårkdalen (to tre stk) og moglegheitane dei ulike har. Det omfattande arbeidet vil gjere til at ein potensielt har fleire møter og synfaringar i lag med oppdragsaktar. Moglegheit til samfinansiering med Luster kommune og Visit Sognefjord	390000					
30	Breheimen NP - VV00002830	Tilrettelegging	Moglegheitsstudie i Billingen	Nasjonalparkstyret			2025		Tilrettelegging ved Billingen og rundturen						
31	Breheimen NP - VV00002830	Tilrettelegging	Moglegheitsstudie i Seta - Denfoss	Nasjonalparkstyret			2025		Kostnadsoverlag er omtrent. Ynskjeleg å slå på potensialet på aksen mellom Seta seter - Denfoss - Billingen	150000					
<b>SUM:</b>										<b>kr 2 102 501</b>					

**ST 48/24 Referatsaker /**  
**ST 49/24 Delegerte vedtak /**  
**ST 50/24 Eventuelt /**